



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3464 - 15/30252

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
18.09.2015

Oversending av vedtak til klagevurdering - gbnr 134/343 og 134/343 Hilland

Dette dokumentet erstattar dokumentet «Oversending av vedtak til klagebehandling» datert 17.09.2015.

Dispensasjon

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå regulert bustadtype, for oppføring av ein firemannsbustad over to eigedomar som i reguleringsplan er sett av til ein einebustad på kvar av dei to eigedomane.

Planstatus

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan «Hilland gnr. 134 bnr. 4 og 37» med planid 1263-02051985.

Omsøkte tiltak krev dispensasjon frå regulert bustadtype vist i plankart, samt dispensasjon frå viste bygningsgrenser i plankartet, då reguleringsplanen manglar informasjon om utnyttingsgrad.

Politisk handsaming

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 02.09.2015, der følgjande vedtak vart fatta:

PM - vedtak:

- *Med heimel i plan og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen for Hilland Aust for oppføring av firemannsbustad som omsøkt på gbnr 134/342 og 134/343.*
- *Det må vera oppstillingsplass til 2 bilar for kvar bueining.*
- *Dei 2 eigedomane må vera slått saman etter matrikkellova før det eventuelt kan gjevast bruksløyve.*

Grunngjeving:

Etter synfaring ser ein at føremonene er større enn ulempene. Det vil vera til mindre sjenanse for naboer, og meir felles uteareal. Tiltaket vil gje god heilskap og bidra positivt for



området i forhold til opphavelig plan. Det er teke omsyn til belastning og utsikt/innsyn til naboer, og vil gje dalen ei meir open løysing. Storleik og løysing i høve uteareal er gjennomtenkt og tilfredsstillande, pakering med 6 bilar er i samsvar med reguleringsplanen. Terrenginngrepa vil vere akseptable. Planen er frå 1985, tomtene har vore lite attraktive, utbygginga vil gje ei hensiktsmessig utvikling. Det ligg føre presidens frå tidlegare saker, der det er gjeve løyve til mellom anna to 4 mannbustader på einebustadtomter, samt ei rekkje tilsvarande avvik frå planen.

Sakspapir med vedtak er lagt ved.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Kristin Nielsen på e-post: kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på vedtak - avslag på søknad om dispensasjon og rammeløyve for firemannsbustad - gbnr 134/342 og 134/343 Hilland

1- Oversendingsskriv søknad om dispensasjon og rammeløyve gbnr 134-342 og 343

B-1 Søknad om dispensasjon

C-4 Nabomerknad-klage på nabovarsel tomt 134_342 og 134_343

C-5 Tilsvar til nabo 09042014 epost sendt klagar

C-6 Tilsvar til merknad frå nabo

E-1B Plan 2 eta 1-100 A3

E-3B Fasader vest og aust 1-100 A3

E-4 Fasader med terrengsnittlinjer 1-200 A3

E-5 Illustrasjonar 3D

Q-3 Referat frå førehandskonferansa Hilland gbnr 134-342

Tilleggsdokumentasjon - Situasjonsplan - gbnr 134/342 og 343 Hilland - 4 manns bustad

Plan 1 eta 1-100 A3

Fasader nord og sør 1-100 A3

Avslag på søknad - gbnr 134/342 og 134/343 Hilland

Klage på avslag om dispensasjon gbnr 134/342 og 343 Hilland - 4-mannsbustad

Avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av tomannsbustad på Gbnr 134342 Hilland (L)(164357)

Vedlegg:

Avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av tomannsbustad på Gbnr 134343 Hilland (L)(164046)

Kopi til:

Reigstad Bygg og Eigedom AS	Gjervik ytre	5914	ISDALSTØ
-----------------------------	--------------	------	----------

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
--------------------------	---------------	------	--------